

INTENSJONSAVTALE

mellom
Sveio Golfpark AS på vegne av Sveio Kommune (Seljar)

og

Vedr. Intensjonsavtale om kjøp av tomt i Sveio Golfpark (Håvåsen Panorama II)

- 1) Kjøpar får med dette opsjon og fortrinnsrett til kjøp av tomt nr ___ som avmerka i teikning nr 0818 rev C datert 26.10.2008 merka " Utviding Håvåsen Panorama Prinsippskisse" .
- 2) Opsjonen må utøvast innan 31.09 2009 ("Opsjonsdato").
- 3) Denne kontrakten vert avløyst av kontrakt med Sveio Kommune dersom Kjøpar utøver opsjonen.
- 4) Indikert kjøpesum er kr 300.000 (kr trehundretusen) som vil bli indeksregulert, men denne vil bli endeleg fastsett etter at reguleringsplanen for området er endeleg godkjent.
- 5) Kjøpesummen skal innbetalast til Sveio Kommune, 5550 Sveio på konto 3506.07.10323 - merka "9 nye hol" – innan 30 dagar etter utøvd opsjon.
- 6) Seljar garanterer for at det innan 2 år frå avtaledato er framført veg, vatn, avløp og straum/breiband til tomtegrensa i tråd med endeleg vedteken reguleringsplan for feltet. Denne garantien er likevel betinga av at det pr Opsjonsdato er inngått bindande kjøpsavtale for 50 % av dei regulerte tomtene i feltet.
- 7) Kjøpar pliktar å knytta seg til kommunalt vatn, kloakk og renovasjon ved oppføring av hus – mot å betala dei til ei kvar tid gjeldande tilknytnings- og bruksavgifter.
- 8) Kjøpar må også betala kr 25.000 for tilknytting til straum/breiband + dei til ei kvar tid gjeldande brukstariffar.
- 9) Eigedomen må disponerast innafor dei reguleringsføresegner som vert fastsette for feltet.
- 10) Kjøpar har gjerdeplikt for den fråskilde tomta.
- 11) Seljar tek forbehold om at endeleg reguleringsplan kan bli endra i høve til føreliggjande prinsippskisse.
- 12) Seljar let skilja tomta ut frå Gnr 41, br. nr 52 i Sveio når kjøpesummen er innbetalt og let så utferda skøyte på eigedomen.
- 13) Kjøpar ber kostnadene med tingslysingsgebyr, frådelingsforretning og dokumentavgifter.
- 14) Denne avtalen er betinga av at Sveio kommune godkjenner det framlegget til reguleringsplan som HGS har under arbeid innan Opsjonsdato under 2).

Sveio, 2009

Kjøpar

Sveio Golfpark AS